

# Verksemdplan for oppvekstavdelinga

**2014/2015 og 2015/2016**

**Sør-Fron kommune**





# Innhold

1. Innleiing	3
2. Nasjonale og lokale føringar	3
3. Visjon og verdiar	4
3.1 Overordna visjon for skular og barnehagar i Sør-Fron	4
3.2 Verdiar	4
4. Dei faglege og kvalitative måla vi ønskjer å oppnå	5
4.1 Felles pedagogisk plattform	5
4.2 Rammefaktorar	6
4.3 Kompetanse	7
4.4 Læringsmiljø § 9A-3 Opplæringslova	7
4.5 Mål for førebygging av mobbing	7
4.6 Tilpassa opplæring § 1-3 Opplæringslova	8
4.7 Grunnlag for vurdering	9
4.8 Lese- og skriveopplæring, matematikkopplæring og engelskopplæring	9
4.9 Digital kompetanse	10
4.10 Medverknad	10
4.11 Kvalitetsvurderingssystem om krav i opplæringslova og forskrifter	11
4.12 Måloppnåing i kvalitetsvurderingssystemet	11
5. Kommunale satsingsområder	12
5.1 Arbeid med barna/elevane sitt læringsmiljø	12
5.2 Ungdomsskulesatsinga	14
5.3 IKT i oppvekst	14
5.4 Vurdering for læring	15
5.6 Lokalt læreplanarbeid	15
6. Desse samarbeider oppvekstavdelinga med	16

# 1. Innleiing

Verksemdplanen for oppvekstavdelinga er eit overordna kommunalt dokument og er forpliktande for alle i oppvekstavdelinga.

Verksemdplanen skal hjelpe oss å holde fokus mot vårt langsiktige mål gjennom å prioritere dei riktige innsatsområda og ta dei riktige vala. Verksemdplanen er i så måte meint å vere ein utviklingsplan. Den skal beskrive kva Sør-Fron kommune avd. oppvekst ønskjer å oppnå, og kva faktorar som vil være med å styre og påverke desse ynskja. I det daglege arbeidet inngår også ein mengde drifts oppgåver som over tid er med på å utvikle vår organisasjon i ønska retning. Desse er ikkje tatt med i verksemdplanen.

Verksemdplanen blir rullert og politisk handsama annakvart år frå hausten 2010. Frå rulleringa i 2014 er innhaldsinnendinga noko endra. Vi har prøvd å få til ein meir konkret og målretta verksemdplan enn den førre planen. Kvar seksjon i oppvekst er integrert i denne overordna planen, og lagar dermed ikkje ein eigen plan.

Verksemdplanen skal seie noko om:

KVA vi skal drive med  
KVEN vi er til for  
KVA visjon og mål vi skal jobbe mot  
KVA verdiar vi skal pregast av  
KVA leveregler og rolleavklaringar skal ein ha

## 2. Nasjonale og lokale føringar

- Opplæringslova med forskrifter (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> )
- Generell del av læreplanen/læringsplakaten (<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>)
- Kunnskapsløftet 2006 (<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/> )
- Fagplaner i Kunnskapsløftet 2006 (<http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/> )
- Kvalitetsvurderingssystemet ([Sjekkliste kvalitetssystem](#))
- Plan for kompetanseutvikling i Sør-Fron kommune (
- Lokale læreplanar i alle fag
- Skulens ordensreglar ([Forskrift om felles ordensreglement i skulane i Sør-Fron](#))
- Handlingsplan for et godt og inkluderande skulemiljø ([E:\Oppvekst 2013-2014\Ordensreglement og skulemiljø\Plan for godt og inkluderande skulemiljø, vedatt 25.09.2012 i K-sak 051912.doc](#))
- Lov om barnehagar (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> )
- Rammeplan for barnehagen (<http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/Rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver/> )
- Stortingsmelding nr.41 (2008-2009) *Kvalitet i barnehagen* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html?id=563868> )
- Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007) ”...og ingen sto igjen”. *Tidlig innsats for livslang læring* (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2006-2007/stmeld-nr-16-2006-2007-.html?showdetailedtableofcontents=true&id=441395> )

- Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen*  
(<http://www.regjeringen.no/pages/2084909/PDFS/STM200720080031000DDDPDFS.pdf> )
- Stortingsmelding nr. 44 (2008-2009) *Utdanningslinja*  
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-44-2008-2009-.html?showdetailedtableofcontents=true&id=565231> )
- Melding til Stortinget nr.19 (2009-2010) *Tid til læring*  
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2009-2010/Meld-St-19-20092010.html?showdetailedtableofcontents=true&id=608020> )
- Melding til Stortinget nr. 22 (2010-2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter*  
(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-22-2010--2011.html?showdetailedtableofcontents=true&id=641251> )
- Lov om arbeidsvern og arbeidsmiljø (<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62>)
- Vedtekter for kommunale barnehagar og SFO i SF
- Forskrift om internkontroll, HMS (<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>)
- Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler mv.  
(<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928> )
- Kommuneplan
- Årsplan for barnehagen i Sør-Fron
- Plan for overgangar bhg.- skole-u.skole-vgd.
- Beredskapsplan for oppvekst
- Plan for gjennomføring av nasjonale prøver
- Felles aktivitetsplan for skular, SFO og barnehagar
- Felles møteplan for personalet
- Felles møteplan for leiarar
- Arbeidsplanar for lærarane

### 3. Visjon og verdiar

#### 3.1 Overordna visjon for skular og barnehagar i Sør-Fron

Trivsel og læring for alle

#### 3.2 Verdiar

kvalitet  
respekt  
inkludering  
relasjonar

(Ctrl + klikk så kjem du til [www.udir.no](http://www.udir.no) med tekst knytt til våre verdiar.)

## 4. Dei faglege og kvalitative måla vi ønskjer å oppnå

Med bakgrunn i Kommuneplanens samfunnsdel, årsplan for barnehagen, gjeldande rammeverk for grunnskole og barnehage, opplæringsloven og barnehageloven, vil dette legge føringar for de faglige og kvalitative måla vi ønskjer å oppnå for våre skoler og barnehagar.

Faglege og kvalitative mål for barnehage, SFO og skule i Sør-Fron kommune:

### 4.1 Felles pedagogisk plattform

- Barnehage og skule har en pedagogisk plattform i Sør-Fron kommune.
- Pedagogisk plattform skal være en veiviser for de pedagogiske prioriteringane i oppvekstavdelinga.
- Pedagogisk plattform skal hjelpe og rettleie de tilsette i arbeidet sitt.
- Pedagogisk plattform er grunnlaget for arbeidet i klasserommet og på avdeling.
- Pedagogisk plattform skal danne grunnlaget for samarbeid i avdelinga, i oppvekstsenter/skule og mellom de tilsette.

Skule og barnehagane i Sør-Fron kommune ønskjer å ha en tydelig og felles profil. Oppvekstavdelinga arbeider mot felles mål og ein høg kvalitativ standard. Opplæringa skal utvikle elevenes totale læringsutbytte slik at de føler mestring i kvardagen og kan strekke seg mot nye mål.

I oppvekst har vi som mål å ha:

- eit godt læringsmiljø og trivsel
- tydelig klasseleiing
- eit sterkt læringstrykk
- fokus på tidlig innsats
- lett tilgjengelige læringsressursar som uteområde, idrettsanlegg, kulturhus, naturen *etc.*
- ein god samanheng mellom barnehage og skule og mellom barnetrinn og ungdomstrinn
- eit godt samarbeid med foreldre og barn
- eit godt samarbeid med våre samarbeidspartnar
- ein skule- og barnehagekvardag som legg til rette for ein sunn og god livsstil for alle barn i Sør-Fron
- ein skule og barnehage som er ein god kulturformidlar for borna i Sør-Fron

Som et resultat av ulike satsingsområder skal det komme fram i kommunens og oppvekstavdelingas planer korleis disse er integrert og korleis det vert arbeida med dette.

Elevene skal gjennom grunnskuleopplæringa tileigne seg grunnleggande ferdigheter gjennom tilpassa opplæring. De grunnleggande ferdighetene er i læreplanen definert som:

- å kunne uttrykke seg munnleg
- å kunne uttrykke seg skriftlig
- å kunne lese
- å kunne regne
- å kunne bruke digitale verktøy

Elevene skal i tillegg utvikle samfunnsengasjement, gode vaner og sosiale ferdigheter.

#### **4.2 Rammefaktorar**

Skulane og barnehagane i Sør-Fron kommune har som mål å ha en kostnadseffektiv tenesteproduksjon som er på linje med same kommunegrupper. Skulane og barnehagane i Sør-Fron skal ha skule- og barnehageanlegg som er egna for den verksemda de skal drive (§ 9a-2 oppl), og de skal ha godkjenningar og vedlikehald etter gjeldande lover og regelverk. Skulane og barnehagane driver eit kontinuerlig og systematisk arbeid for å fremme helse, miljø og trygghet (§9a-4).

Vi har som mål at:

- Alle bygningar og uteområde skal gi rom for elevane og barna sin tryggleik, helse, trivsel og læring.
- Det skal være rom for utfolding, opplevingar og mestring.
- Alle bygningar og uteområde skal være godkjente etter gjeldande lover og forskrifter.
- Eleven, barn og tilsette skal ha arbeidsplasser som er godkjent etter gjeldande lover og forskrifter.

Det som skal gi oss grunnlag for vurdering av dette er:

- Rapportar frå eksterne tilsyn
- Barnehage- og skulebygningar – status vedlikehald (inkl. rapport frå teknisk eining)
- Miljøretta helsevern (godkjenning)
- Referat frå skulemiljøutvala og samarbeidsutvala
- Vernerunderapportar
- Hovudavtale
- Bedriftshelseteneste

### **4.3 Kompetanse**

Skulane og barnehagane i Sør-Fron har som mål å ha eit godt kvalifisert personell med høg kompetanse. Pedagogar skal vere oppdatert fagleg, didaktisk og pedagogisk og skal ha god relasjonskompetanse og kompetanse i god klasseleiing. Pedagogane skal ha god analyse- og vurderingskompetanse.

For Sør-Fron kommune er det viktig at leiarane i barnehage og skule har vidareutdanning innan leiing i regi av Utdanningsdirektoratet, med styrar og rektorutdanning. Dette er viktig fordi leiarane kan bli flinkare i å ivareta leiaroppgåvene. Eit av måla med rektorutdanninga er og at rektor og skulen skal kunne auke kvaliteten på eleven si læring.

For at pedagogane skal halde seg faglig oppdatert, har Sør-Fron kommune nytta den statlige ordninga med finansiering av vidareutdanninga. Sør-Fron kommune har som mål at to til tre lærarar skal ta vidareutdanning kvart år gjennom den statlige ordninga «Kompetanse for kvalitet». Oppvekstavdelinga og skulane prioriterer faga matematikk, naturfag, engelsk, norsk generelt og lesing spesielt. Det er viktig at kvar enkelt skule har tilstrekkelig tal lærarar med kompetanse innan basisfaga, som vil verte prioritert.

### **4.4 Læringsmiljø § 9A-3 Opplæringslova**

Skulane har som mål å ha et godt psykososialt miljø der den enkelte elev opplever trygghet og sosial tilhøring. Det skal være nulltoleranse for mobbing og diskriminering i skulane i Sør-Fron kommune.

Konfliktar handterast på lågast mogleg nivå. Vi har som mål at elevane er aktive deltakarar i sitt eige læringsmiljø gjennom «Trivselsleiar-ordninga» og elevrådet.

Elevundersøkingane viser at det er lite mobbing i skulane i Sør-Fron. Den viser også at det er relativt høg trivsel. For å halde det på noverande nivå eller betre, er det viktig at ein jobbar målretta med haldningsskapande arbeid, rask reaksjon på uønskt åtferd og gode rutinar på skulen for iverksetting av tiltak.

### **4.5 Mål for førebygging av mobbing**

- Bruke aktivt «Handlingsplan for et godt og inkluderande skulemiljø»
- Skape trygt læringsmiljø for alle elever/barn
- Oppretthalde trivselsleiar i barneskulane
- Holdningsskapande arbeid i klassene
- MOT i ungdomsskulen
- Ha gode rutinar for å behandle enkeltsaker
- Alle skulane har elevråd og skulemiljøutval



- Alle skulane gjennomfører elevundersøkinga, foreldreundersøkinga og lærer undersøkinga kvart år.
- Alle skulane evaluerer funn frå elevundersøkinga, foreldreundersøkinga og lærer undersøkinga kvart år.
- Elevsamtaler minimum to gonger pr. år
- Barnesamtalar i barnehagen
- Foreldresamtalar minimum to gonger pr. år
- Brukerundersøkingar gjennomførast i SFO og barnehage

#### **4.6 Tilpassa opplæring § 1-3 Opplæringslova**

Alle elevar skal få undervisning tilpassa sitt nivå ved at lærarar har god kjennskap til den enkelte elevs sterke sider og ved bruk av varierte undervisningsstrategiar og – metodar.

Det er eit mål at:

- Det føreligg god dokumentasjon for vurdering for læring.
- Det føreligg god dokumentasjon for fastsetting av standpunktkarakterar i 10. klasse.
- Guter og jenter har like gode resultat.

Det er frå sentralt hald lagt opp til systematisk kartlegging av eleven sin kompetanse innanfor basisferdigheter i rekning, engelsk og lesing. I tillegg er det Nasjonale prøver for 5., 8. og 9. klasse. Med bakgrunn i det datagrunnlaget som kjem fram, er det eit mål at skulane driv systematisk kvalitetsutviklingsarbeid.

Den enkelte skule/lærer må følgje opp resultatet ved eigen skule/klasse/enkeltelev. Alle elevar har rett til tilpassa opplæring (§1-3). Det vil seie at opplæringa skal tilpassast eleven sine føresetnader. Det er i lova gitt at kommunen skal sørgje for at den tilpassa opplæringa i norsk, matematikk og engelsk skal innebera særleg høg lærartettleik på 1. – 4. trinn. Dette skal særleg rettast mot elevar med låge ferdigheiter i lesing og rekning.

Vurdering av eleven si læring skal skje systematisk og i tråd med opplæringslova. Det er fokus på at lærarar skal gi «framover meldingar» og knuttast til mål i kunnskapsløftet. Standpunktkarakterar i 10. klasse er sluttvurdering og skal relaterast til måla i kunnskapsløftet. Kjenneteikn for måloppnåing bør vere klare og godt kommunisert til elevar og foreldre.

Skulens rammer gir rom for stor grad av tilpassing slik at elevane vert gitt moglegheit for å lære på eigne premissar. Ressursar er elles bundne opp i vedtak om spesialundervisning.

## **4.7 Grunnlag for vurdering**

Sør-Fron kommune har som mål at:

- Det skjer en systematisk kartlegging av eleven/barna
- Behovet for særskilt norskundervisning kartleggast godt
- Det skal være tidlig innsats – og tidlig ressursinnsats både i skule og barnehage
- 
- Talet på enkeltvedtak for spesialundervisning går ned
- Talet på enkeltvedtak for barn med minoritetsspråklig bakgrunn går ned
- Det skal være god samanheng i overgangen frå barnehage - skule, barnetrinn – mellomtrinn, mellomtrinn – ungdomstrinn, ungdomstrinn – vidaregåande skule
- Det skal være god oversikt over lærartettleik og vaksentettleik, talet på elever/barn ved den enkelte skule/barnehage, og over talet elever/barn som får spesialundervisning (har alternativ opplæringsplan - IOP)

## **4.8 Lese- og skriveopplæring, matematikkopplæring og engelskopplæring**

Alle elever som følgjer fag og læreplaner i Kunnskapsløftet, skal mestre måla til lesing og skrivning, matematikk og engelsk på det enkelte trinn.

Overordna mål for elever i Sør-Fron kommune på nasjonale prøver:

- På 5. trinn skal gruppa som er på mestringsnivå 1 være mindre enn 10 %
- På 5. trinn skal gruppa som er på mestringsnivå 3 være meir enn 10 %
- På 8. trinn skal gruppa som er på mestringsnivå 1 og 2 være mindre enn 15 %
- På 8. trinn skal gruppa som er på mestringsnivå 4 og 5 være meir enn 20 %
- På 9. trinn skal elevgruppa ha minst like stor framgang som det nasjonale snittet, dvs. 0,3 poeng framgang
- Grunnskulepoeng skal ligge over 38 i snitt

Det å kunne lese godt er ein føresetnad for å mestre andre fag i skulen, og det gjev eit godt grunnlag for mestring seinare i livet. Erfaringsvis ser ein at det er god investering å sette inn tiltak tidleg, og at ein må halde oppe det faglege «trykket» gjennom heile barnehage og skulegangen. Det er eit mål at alle lærarar i alle fag må ha fokus på lesing og studieteknikk. I barnehagen er det viktig med høgtlesing og har ein aktiv bruk av bøker i kvardagen.

Vurderingsindikatorar:

- Kartleggingsprøver
- Resultata av Nasjonale prøver
- Læraranes kompetanse
- Læremidla/tilgang til hjelpemiddel
- Lærarens kompetanse i faga og i lesing og lesestrategiar spesielt

- Eksamenskarakterar (10 kl.)
- Standpunktkarakterar
- TRAS-skjema
- IOP og halvårsrapporter

#### **4.9 Digital kompetanse**

Sør-Fron kommune har som mål at IKT er integrert i alle fag. Alle barn i Sør-Fron kommune skal få digital kompetanse som gjør at de kan nyttiggjøre seg IKT i tidlig alder. Tilgjengelig sett med datamaskiner og i-pad til skoler og barnehagar er et viktig mål. Det er installert digitale tavler i noen klasserom og lærarar får opplæring i bruk av dette. Vi har som mål at barnehagane får digitale tavler i alle avdelingar, og alle klasserom på skulane.

Sør-Fron kommune har som mål at digital opplæring følger IKT-planen, og at denne er inkludert i alle lokale fagplaner. IKT-planen for Sør-Fron er vedtatt i kommunestyret i desember 2013. IKT-planen for barnehagane blir ferdig i løpet av 2014, og følger same mal og progresjon som skolens plan.

Vi har som mål at:

- Rutinar for innkjøp/opp gradering/vedlikehald lages
- Plan for opplæring følger mal i <http://sorfron.iktplan.no/>
- Vi skal legge til rette for at elevene/barn kan nytte digitale hjelpemiddel for å innhente kunnskap og gjennomføre arbeidsoppgåver.
- Digitale ferdigheter integrerast i fag
- Vi skal bruke *It's Learning* som pedagogisk verktøy og som kommunikasjon med elever og foreldre

Vurderingsindikatorar:

- Lokale læreplaner som inkluderer kompetansemål for digital kompetanse
- Kartlegging av elevens kompetanse
- Kartlegging av tilsette kompetanse
- Oversikt over maskinparken gjennom egne datasystem

#### **4.10 Medverknad**

Samarbeid mellom skule/barnehage og heim bygger på tillit og kommunikasjon mellom likeverdige parter. Det er viktig at barn og deira foreldre er aktive medspelarar i det enkelte barns læring og læringsmiljø både i barnehage og skule. Sør-Fron kommune har som mål at:

- 100 % av oppmøte til utviklingssamtaler/foreldresamtaler.
- Elevene deltek i planlegging og vurdering av sin egen læring.
- Barn i barnehagen har rett til medverknad.

- Informasjon om nasjonale prøver og kartleggingsprøver og resultatet av disse er tydelig og skaper rom for dialog.
- Skulane/barnehagane har aktive og engasjerte FAU/SMU/SU
- Foreldreskolen blir vidareført
- Alle skoler har elevråd

#### **4.11 Kvalitetsvurderingssystem om krav i opplæringslov og forskrifter**

Oppvekstavdelinga i Sør-Fron kommune har som mål at:

- Skulen bruker elevane sitt læringsresultat som utviklingsgrunnlag for skulen, klassa og eleven.
- Skulen har ein god praksis for elevvurdering slik at elevens læringsutbytte vert økt.
- Skulen skal bruke læringsresultata for å skape betre kvalitet i skulen.
- Skulen og barnehagane skal ha gode rutinar som sikrar at krav i lov og forskrifter blir fylgt opp.

Oppvekstavdelinga har vedtatt eit system for kvalitetsvurdering etter § 13-10 i Opplæringsloven. Det er her forventat at skulane og barnehagane følgjer opp krava i dette med tanke på å ha gode rutinar for oppfølging av lovverket, vurdering av skulens læringsmiljø og læringsresultat, vurdering av barnehagens lekemiljø ([Sjekkliste kvalitetssystem](#)).

#### **4.12 Måloppnåing i kvalitetsvurderingssystemet**

For å kunne vite om vi lykkes må vi være systematiske i vårt vurderingsarbeid over tid. Vi må være tålmodige og sjå på elevens resultat (bl.a. eksamen- og standpunktkarakterar samt resultat frå Elevundersøkinga og nasjonale prøver) over tid for å kunne si noe om utvikling.

I tillegg til undervegsvurdering og sluttvurdering på elevnivå, vil skolen drive vurdering gjennom:

Elev- og barnenivået:

- Resultata frå obligatoriske kartleggingsprøver i lesing, skriving og matematikk
- Nasjonale prøver
- Tilbakemelding frå elever og føresette i elevsamtaler og utviklingssamtaler
- Elevundersøkinga
- Eksamensresultat/grunnskolepoeng

Tilsettnivået:

- Medarbeidersamtalar
- Medarbeiderundersøkingar

- Fagevalueringar/tilbakemeldingar frå læraren
- Skulebasert vurderingsarbeid

Skule- og barnehagenivået:

- Nasjonale brukerundersøkingar (elevundersøkingar og foreldreundersøkinga)
- Elevprestasjonar – karakterstatistikk
- Vernerunde/HMS
- Evaluering/rapportering av prosjekter
- Evaluering av verksemdplan
- Årsregnskap
- Årsplan
- Tilstandsrapport
- Styringsdialog med kommunalsjef
- Ekstern vurdering, tilsyn m.m.
- Barnehagerapportering
- GSI-data (Grunnskolestatistikk)

## 5. Kommunale satsingsområder

### 5.1 Arbeid med barnets/elevane sitt læringsmiljø

#### Skule

Klasseleiing:

Ein pro aktiv og relasjonsorientert klasseleiing som lyttar til eleven er viktig for god undervisning. Dette er ferdigheter lærarane gradvis vil tileigne seg i utviklingsorienterte skulemiljø der lærarane samarbeider og hele tida vurderer verknaden av det de gjør. Under slike vilkår vil også elevene bli stimulert til å engasjere seg og til å delta i aktivitetane. Dette er viktig i all tilpassa opplæring, også i en opplæring som kombinerer praktiske og teoretiske tilnærmingar i et utvida læringsrom. Da vil lærarane i Sør-Fron legge et godt grunnlag for elevens læring og heilskapleg danning.

Elevrelasjonar:

Skulen skal ikkje berre sjå til at elevane får skulefaglege kunnskapar, men også bidra til at elevane utviklar seg sosialt og personleg. I skulen er det heile tida eit sosialt spel elevane deltek i. Vennskap og sosial deltaking er viktige faktorar for trivsel i kvardagen og ikkje minst for eleven si utvikling og læring.

Heim-skule-samarbeid:

Et nært og forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å realisere dei felles oppgåvene lærarane og foreldra har.

Grunnleggjande prinsipp samarbeidet bør bygge på:

Samarbeidet lykkes som regel best om føresette og lærarar framstår som eit *vi* med tydelige felles målsettingar.

- Læraren og føresette bør oppfatte kvarandre som likeverdige deltakarar i samarbeidet og møte kvarandre med respekt.
- Læraren og føresette bør i samarbeidet blant anna sjå på kvarandre som ein ressurs i barnets oppvekst.
- Samarbeidet mellom heim og skule skal bestå av både informasjon, dialog og medverking

Vi skal ha fokus på foreldremøta og elev/ foreldresamtaler. "Foreldreskulen" er eit positivt og viktig bidrag.

Organisasjon og leiing:

Alle skulane i Sør-Fron bør så langt som mogleg framstå som profesjonelle læringsfelleskap der både skuleleiinga, lærarane og andre tilsette utviklar seg ut frå felles mål og til beste for elevane. Dette inneber ein kollektiv orientering der den enkelte tilsette opplever støtte og utvikling.

Endrings- og utviklingsarbeid i skulen handlar blant anna om å etablere eit profesjonelt læringsfelleskap der både skuleleiinga, lærarane og andre tilsette utviklar seg ut frå felles mål og til beste for elevane i Sør-Fron. Eit slikt profesjonelt læringsfelleskap bygger på tre grunnleggande vilkår og kvar av desse har betydelege konsekvensar for lærarar og skuleleiarar.

De tre vilkåra er:

- Alle elever skal ha eit høgast mulig læringsutbytte ut frå føresetnadane
- Skuleleiarane og lærarar må alle samarbeide nært om læring og undervisning
- Utvikling av ein læringskultur i skulane i Sør-Fron.

## **Barnehage**

Barns trivsel:

Barnehagene i Sør-Fron har barns trivsel som satsingsområde. Barna skal oppleve glede og trivsel saman med andre barn i kvardagsaktivitetar, leik og læring i barnehagen. Barn er relasjonsorienterte og meiningsskapande heilt frå dei kjem til verda. Barnehagebarna er sosiale aktørar som sjølve medverkar til eiga og andre si læring og trivsel.

Vennskap er viktig for barn i alle aldrar. Å vere venner er å møtast i eit forhold der den enkelte opplever seg som godteken og verdsett for akkurat den han eller ho er. Barn treng omsorgspersonar som er i stand til å sjå og tolke kommunikasjonssignala deira. Vaksne skal delta aktivt og utviklingsstøttande i kvardagen til barnehagebarna. Barnas relasjonsbygging, deira relasjonar og det sosiale samspelet dei imellom må vere i fokus.

Samarbeid med barnets heim skal liggje til grunn for verksemda. Alt barnehagen gjer, skal ha barnets beste som grunnlag, og eit nært samarbeid med heimen er viktig for å støtte barnets utvikling. Relasjonen mellom barnehage og heim må vere prega av openheit og likeverd.

Leselyst og bruk av bøker er i fokus for barnehagane. Det er viktig å ha nysgjerrighet for bøker for å utvikle språket. Ei god språkutvikling er viktig for barn både på kort og lang sikt. Evna til å bruke språket er avgjerande for korleis barn kan kommunisere med vaksne og med andre barn, korleis dei kan setje ord på erfaringar, fortelje om noko viktig, diskutere og reflektere saman med andre.

## **5.2 Ungdomsskulesatsinga**

Stortinget behandla stortingsmeldinga om ungdomstrinnet **Meld. St. 22 (2010 – 2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter* i januar 2012, jf. Innst.145 S.** Meldinga signaliserer vidareutvikling av ein mangfaldig og inkluderande felles skule. Den sentrale budskapet er at eit meir praktisk, variert, relevant og utfordrande ungdomstrinn skal auke eleven sin motivasjon og læring.

Regjeringa tek tre hovudgrep som skal bidra til dette:

- innføring av valfag
- økt fleksibilitet gjennom endring i fag- og timefordeling
- satsing innanfor denne strategien

Statistikk og forskning viser at eleven sin motivasjon for læring er lågast på ungdomstrinnet. Mange elever opplever at skulekvardagen er kjeisam og monoton. Dette fører ofte til at elever sakka akterut i læringa og at ein del av dei aldri fullfører vidaregåande opplæring.

Ungdomsskulesatsinga gir tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skrivning. I arbeidet med å variere arbeidsmåtane på ungdomstrinnet er klasseleiing, rekning, lesing, og skrivning prioriterte satsingsområder.

Sentrale tiltak er:

- skulebasert kompetanseutvikling i klasseleiing, rekning, lesing og skrivning for lærarar og skuleleiarar
- utvikling av god klasseleiing og god undervisning i rekning, lesing og skrivning
- bistand og tilrettelegging for lokalt utviklingsarbeid
- nettverk for erfaringsutveksling og profesjonsfelleskap

Sør-Fron ungdomsskule har valt rekning som satsingsområde.

## **5.3 IKT i oppvekst**

- Følgje IKT-planen i det pedagogiske arbeidet.
- Utvikle kompetansen til pedagogar og barn
- Skaffe tenleg utstyr, dvs. auke talet på datamaskiner for elever og skaffe fleire digitale tavler.
- Læringsplattformen «It´s learning» skal innførast for alle elever i Sør-Fron

## 5.4 Vurdering for læring

Sør-Fron kommune er deltakar i den nasjonale satsinga *vurdering for læring* i perioden 2014-2015. Vår målsetting er å vidareutvikle lærarens vurderingspraksis gjennom økt kompetanse og forståing for vurdering som reiskap for læring. I satsinga reflekterer lærarane over egen vurderingspraksis, deler erfaringar med andre i lærande nettverk og utforskar nye måtar å vurdere på.

Mange studiar har vist at vurderingspraksis kan både hemme og fremme læring i skolen. Når vurdering av prestasjonar, arbeid eller oppgåver vert brukt som grunnlag for vidare læring og for å utvikle kompetanse, er det vurdering for læring. Dette inneber at vurderingsinformasjon skal ein bruke til å justere eigen læring og undervisningsopplegg underveis. Vurdering for læring er all vurdering som gis undervegs i opplæringa og som bidreg til å fremme læring.

Det er særleg fire forskningsbaserte prinsipp som er sentrale i vurderingsprosessar som har til formål å fremme læring.

Elevers føresetnader for å lære kan styrkes dersom dei:

- Forstend kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Får råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Er involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og utvikling.

Tydelege mål og kriterier, faglege relevante attendemeldingar, råd og om forbetring og involvering i vurderingsarbeidet, er viktig for å fremme læring. Desse prinsippa er nedfelt i forskrift til opplæringsloven som rettigheter for elever og lærlingar. Prinsippa kan bidra til at både lærar/instruktør og elevar/lærlingar får moglegheit til å påverke undervisninga ved hjelp av kommunikasjon og dialog

Se [www.udir.no/vfl](http://www.udir.no/vfl) for meir informasjon om vurdering for læring.

Dokumentasjon: Vi ønskjer å utvikle dokumentasjon som metode for å utvikle kvaliteten i barnehagen. Det er viktig med felles forståing av dokumentasjon og systematisk arbeid over tid

## 5.5 Lokalt læreplanarbeid

Lokale læreplaner inneheld

- formål
- hovudområder/struktur
- kompetansemål fordelt på årstrinn



- grunnleggande ferdigheter
- krav for sluttvurdering

Lokalt arbeid med læreplanar handlar om meir enn å utvikle éin lokal plan for eitt fag. Lokalt arbeid med læreplaner må være ein kontinuerleg og systematisk prosess som skal bidra til at det lokale handlingsrommet utnyttes og at elevane får den opplæringa dei etter regelverket har krav på. Arbeidet heng derfor saman med, blant anna:

- skuleeigars ansvar for at krav i opplæringslova med forskrifter, her under læreplanar og arbeid med læringsmiljø, blir oppfylt.
- skuleeigars ansvar for jamleg å vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er fastsatt i LK06.
- undervisningspersonalets ansvar for å sikre at planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa bygger på LK06.
- skulens breie mandat slik det er gitt i LK06 gjennom Generell del, Prinsippa for opplæringa og læreplaner for fag: Elevane sine grunnleggande ferdigheter, elevane si faglege kompetanse, elevane si sosiale kompetanse, vurdering av elevane si kompetanse.
- arbeid med vurdering og utvikling av kvalitet i opplæringa for å fremme elevane sitt læringsutbytte.

## 6. Disse samarbeider oppvekstavdelinga med

- Høgskulen i Lillehammer
- Høgskulen i Agder
- Universitetet i Agder
- Universitetet i Oslo
- Høgskulen i Oslo
- NTNU
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sør-Trøndelag
- Fylkesmannen i Oppland
- Oppland fylkeskommune
- Vinstra vidaregåande skule
- Den kulturelle skulesekken
- Kulturskulen
- Lillehammer kunstmuseum
- Ringebu prestegard og stavkyrkjeutstillinga
- Gudbrandsdalsmusea
- Nettverk med grunnskoler frå andre kommunar gjennom ulike prosjekt, eks. Lærande regionar
- Barne- og familietenesten (PPT og Barnevern)
- Økonomiavdeling/lønnsavdeling
- Eigedomsforvaltninga i kommunen

- Lensmannen i Midt-Gudbrandsdal
- Helsesøster/skulelege
- Lokalt næringsliv
- SePu
- KoRus
- MOT
- Bedriftshelsetenesten
- FAU på skular og barnehagar
- KFAU
- GIAX
- Flatmoen jobb og aktivitetssenter